



Opprustinga skjer mellom Solheim og Bringedal

**Vassverket nyttar høvet til å rusta opp også vassforsyninga i samband med det som skjer med vatn og avlaup frå Beinavikjo og oppover gjennom Nedre og Øvre Halsabrotet. Nokre ulempar fylgjer med før alt vert betre og i dag er store deler av sentrum kopla ut frå 9 til 18 i samband med utskiftinga av det gamle anlegget. Det gjeld heile området frå KV til og med Uskedalen Brygge, gjekk det fram av førehandsvarselet.**

Varselet var ikkje heilt rett, for også Skårhaugområdet mista vatnet i morgontimane i dag utan at det var varsla. Det beklagar dei som jobbar med prosjektet, men dei hadde ingen annan utveg i samband med utskifting av ei kran.

Det som skjer vidare i dag er utskifting av det gamle anlegget mellom Solheim Turiststasjon og eigedomen til Anne Guri Bringedal. Mannskapa jobba effektivt og allereie ved 13-tida var vatnet kopla på att i den indre delen av området som hadde vore vasslaust. Resten vert kopla inn til kvelds.

Det meste av det Uskedalen har av fagfolk på området har vore i aksjon i samband med opprustinga og dei gjer ein god og grundig jobb.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Rørleggjarane i bygda har hatt nok å gjera dei siste dagane. Det har også entreprenør Røsseland.